



## Notat

Dato: 19.02.2015  
Arkivsak: 2014/1126-42  
Saksbehandlar: eirkniv

---

Til: Kultur- og ressursutvalet

---

Frå: Fylkesrådmannen

---

### Tildeling frå Miljødirektoratet til statleg sikring av friluftsområde (post 30) i Hordaland i 2014

Hordaland fylkeskommune har ansvar for å vurdere og prioritere søknadar om statleg sikring av friluftsområde. Søknadane vert endeleg avgjort i Miljødirektoratet. For 2014 var det sett av kr. 44 mill. til denne ordninga, post 30. Miljødirektoratet si tilsegnspotensial var på kr. 55 mill. Ved vurderinga av søknadane er det lagt vekt på følgjande faktorar :

- Områder som kjem store befolkningsgrupper til gode. Nærrområder og turvegar i byar og tettstader og landfaste areal ved sjøen har høgast prioritet.
- Områder der allmennhetia ikkje har ferdssels- og/eller opphaldsrett gjennom allemannsretten og friluftslova – til dømes fordi areala vert definert som innmark.
- Områder som vil bli intensivt brukt, og som treng tilrettelegging for å kunne brukas til friluftslivsføremål.
- Områder som er handsama og prioritert i regional og/eller kommunal planprosess etter plan- og bygningslova sine føresegner.
- Områder der det er sannsynleggjort rask gjennomføring av sikringsprosessen (saker som truleg blir gjennomført innan eit-to år).

Innan fristen 15. januar 2014 kom det inn tre søknadar i Hordaland. Desse fekk tilsegn på totalt kr 1.635.200

Område	Tilsegn
1. Årvikane (gnr. 131, bnr 19), Austrheim kommune	75.200
2. Teløy (gnr.14 bnr 30), Fitjar kommune	380.000
3. Ådlandsvatnet (gnr. 27 bnr 1 og 211, gnr 37 bnr 1 og 3, gnr 36 bnr 1, gnr 29 bnr 21 og 29), Stord kommune	1.180.000

Kultur- og ressursutvalet vedtok 18.03.2014 å gje fylkesrådmannen mynde til å handsame tilleggssøknadar om statleg sikring av friluftsområde ut 2014 sidan Miljødirektoratet opna for det på bakgrunn av få søknadar motteke innan fristen. Hordaland fylkeskommune har motteke fjorten nye sikringssøknadar i løpet av året. Tretten av desse fylte vilkåra for statleg sikring, og fekk totalt tilsegn om kr 3.825.770 frå Miljødirektoratet. Den eine søknaden (Løvstien 17/74) mangla tinglyst avtale, og vart såleis ikkje godkjent. Alle tilleggssøknadane vart ikkje prioritert opp kvarandre då dei kom inn på ulike tidspunkt. Nokre søknader vart behandla samla, då dei omhandlar same friluftslivstiltak.

<b>Område</b>	<b>Tilsegn</b>
1. Hitsøy (gnr. 13, bnr. 3 og 4), Fjell kommune	350.000
2. Geitvika (gnr. 45, bnr. 29), Fjell kommune	700.000
3. Sveholmen (gnr. 29, bnr. 1), Austevoll kommune	325.000
4. Pilapollen (gnr.14, bnr. 5), Fitjar kommune	805.000
5. Arboretet (gnr.1201, bnr 105 og 487), Bergen kommune	72.000
6. Løvstien (gnr. 18, bnr. 325), Riplegården (gnr.157, bnr 91) og Løvstien (gnr. 159, bnr. 1001), Bergen kommune	205.865
7. Landåsfjellet (gnr. 7, bnr. 346), Landåsfjellet (gnr. 161, bnr. 787) og Landåsfjellet (gnr. 161, bnr. 798), Bergen kommune	1.082.000
8. Tangavika (gnr. 109, bnr. 313), Bergen kommune	107.680
9. Sætreparken (gnr. 302, bnr. 697), Bergen kommune	178.225
10. Løvstien (gnr. 17, bnr.74), Bergen kommune	0

Samla tilsegnssum til statleg sikring av friluftsområder 2014 i Hordaland er kr 5.460.970.